

Vestlandsrådet

VR-sak 21/12 vedlegg

Oppstart av melding om vestnorsk filmpolitikk

Bakgrunn

Jamvel om Vestlandet har eit sterkt filmmiljø, er det samla miljøet lite i forhold til miljøet i Osloregionen. I tillegg er miljøet spreidd, men har tyngdepunkt kring Bergen, Stavanger og til dels Volda.

Det filmpolitiske området er i stor grad prega av sterk sentralisering, særleg når det gjeld verkemiddel til langfilm og seriar, ikkje minst gjennom Norsk Filminstitutt. Heile 84 % av omsettinga i norsk filmnæring er knytt til selskap med adresse i Oslo og Akershus. Statleg filmpolitikk er prega av ei strikt rollefordeling mellom dei statlege filminstitusjonane på den eine sida og dei regionale institusjonane på den andre, der omsynet til å motverka at filmmiljøet og filmkompetansen vert spreidd for mykje er sterkt vektlagt. Konsekvensen av denne politiske styringa er ein negativ og uhensiktsmessig sentralisering av ressursar i Oslo, noko som står i motsetnad til ein nasjonal filmpolitikk der målsettinga burde vera å ta heile landet i bruk for å sikra mangfald i filmuttrykk og fordeling av dei positive ringverknadene av filmindustrien.

Regional filmproduksjon i Noreg er i stor grad avhengig av, og eit resultat av, regionale og kommunale filmpolitiske initiativ, som til dømes filmsentra, ulike filmfond og filmkommisjonar. Til tross for ei positiv utvikling i filmnæringa, særleg gjennom den regionale satsinga på filmfond, har dette til no ikkje ført til nemneverdig forskyving av tyngdepunkta i norsk film.

Omlegginga av filmpolitikken i 2007/08 ga til dømes dei regionale filminstitusjonane ein formell plass blant dei andre filmpolitiske verkemidla i Noreg og samordna til ein viss grad måla for dei statlege og dei regionale tilskottsordningane. Omlegginga er forsiktig og resultatet av tautrekking mellom ein regionvennleg og ein sentralistisk retning. Særlig var det strid om kva rolle dei regionale filminstitusjonane skulle få når det gjeld finansiering av spelefilmproduksjon. Kompromissløysinga gjev dei regionale fonda full råderett over regionale midlar, men samstundes eit forbod mot å nytta statstilskotet til fondet til filmar som mottekk støtte frå Norsk filminstitutt.

I nasjonal samanheng er Vestlandet det andre tyngdepunktet i norsk film. At Vestlandet har ein kraftfull filmbransje er såleis og grunnleggande for filmutviklinga i Noreg.

Dei regionale filminstitusjonane sin del av den samla statlege filmstøtta er liten. Jamvel om det har vore ein viss vekst, har dei regionale fonda sin del har gått noko tilbake.

Vestlandsrådet

Løyvingar over statsbudsjettet til statlege tilskottsordningar og dei regionale filminstitusjonane (institusjonane sin prosentdel av samla løyvingar)¹

	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012
Statlege tilskottsordningar	92,9	91,6	91,5	89,8	89,7	89,4	88,9
Regional filmsatsing	7,1	8,4	8,5	10,2	10,3	10,6	11,1
Senter	5,2	4,9	5,3	7,3	7,8	8,2	8,9
Fond	1,9	3,5	3,3	2,9	2,6	2,4	2,3

I innrettinga av norsk filmpolitikk er identitet, fellesskap og tilhørsle sterkt vektlagt. Slik kan film basert på lokale historier og lokale stemmer bidra til å bygge regional identitet og tilhørsle, også som del av ei større nasjonal og global forteljing. Motsett kan sentralisert filmproduksjon i ein relativt korrelerande krins, lett gjenspeila og reprodusera stereotypiar og klisjar.

Filmproduksjon har og omfattande samfunnsmessige ringverknader i utvikling av arbeidsplassar, merksemd og attraksjons- og stadskvalitetar. Såleis handlar film på regionalt nivå både om kulturpolitikk og om næringspolitikk.

Den sterke sentraliseringa på filmområdet er ei hovudutfordring for den regionale bransjen, og Vestlandsrådet etterlyser såleis ei meir offensiv haldning til korleis regionale filmsentra kan få sterkare innflytelse på tildeling av produksjonsmidlar til langfilm. Som eit klårt andre sentrum for filmproduksjon i Noreg, må Vestlandet sikrast innflytelse ved overføring av mynde og midlar. Nokre av desse er statlege, og drøftingar om desse må i så fall gjerast i forhold til sentrale mynde. Her vil eit samla Vestland kunna ha tilstrekkeleg tyngde.

Tilråing

Fylkesrådmannen rår på denne bakgrunn til at det vert gjort ein gjennomgang av dei statlege, regionale og kommunale filmpolitiske verkemiddel på Vestlandet, for mellom anna å få innspel til korleis desse verkemidla best kan innrettast og eventuelt styrkast. Dette kan danna grunnlaget for ein meir målretta og samla filmpolitikk til beste for ein sterkt utvikling av filmmiljøet i heile regionen. Vidare kan det gje innspel til ei meir føremålstenleg innretting av den nasjonale filmpolitikken, i samsvar med regionale forventningar.

Fylkesrådmannen vil såleis føreslå at det vert lagt fram ei Vestnorsk filmmelding i 2013. Hovudmålssettinga for arbeidet må vera å styrka filmfeltet på Vestlandet så vel kunstnarisk som bransjemessig. Det skal vera fleire filmkunstnarar og filmarbeidarar som har sitt verke på Vestlandet, og Vestnorsk filmproduksjon skal vera av høg kvalitet.

Det er behov for å drøfte nærmere mandat og organisering av arbeidet med filmmiljøa og med byar og kommunar som har utarbeida ei eiga filmpolitikk. På dette grunnlag rår ein til at AU får fullmakt til å utarbeida endeleg mandat og å organisera arbeidet. I arbeidet må det vera ein representasjon som ivaretak alle fylka på Vestlandet, samt kommunar med ein utvikla filmpolitikk. I tillegg må det leggast opp til brei medverknad og høyringsrunde.

¹ Ideas2evidence rapport 9/2011, "For en neve dollar mer. En evaluering av den statlige støtten til regionale filmfond", s. 27.

Vestlandsrådet

Det må vera ein målsetting å gjennomgå eksisterande filmpolitiske verkemiddel, samt å legga fram forslag til forbetringar, samordningar og eventuelt nye verkemiddel.

Vidare må ein i arbeidet sjå på suksesskriteria som

- Tal på produksjonar med Vestlandet som opptaksstad (location)
- Tal på produksjonar med manusfrittarar, regissørar og produsentar frå Vestlandet
- Auke i tal på debutantar innan filmfeltet på Vestlandet (rekruttering)
- Indikatorar på kvalitetsheving av film frå Vestlandet
- Auke i tal på filmarbeidarar, produksjonsselskap og omsetnad på Vestlandet
- Indikatorar for næringspolitiske ringverknader (reiseliv, leverandørar, tilflytting m.v.)

Under arbeidet må ein rådføre seg med relevante næringar, scenekunst- og forfattarmiljø, utdanningsinstitusjonar, TV-kanalar, visningsstader, offentlege organ m. v.

FRAMLEGG TIL VEDTAK

1. Vestlandsrådet vedtek oppstart av arbeidet med ein vestnorsk filmmelding. I arbeidet må det vera ein representasjon som ivaretok alle fylka på Vestlandet, samt kommunar med utvikla filmpolitikk.
2. AU i Vestlandsrådet får fullmakt til å vedta endeleg mandat og organisering av arbeidet.
3. AU kan løyve inntil kr 300.000 til prosess for utarbeiding av ei melding om Vestnorsk filmpolitikk etter nærmare spesifisert budsjett.